



## MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

**Møtedato:** 27.04.2021  
**Møtestad:** Fjernmøte  
**Møtetid:** 10:00 - 13:00

### Møtedeltakarar:

| Medlemmer                   | Parti | Rolle        |
|-----------------------------|-------|--------------|
| Hege Eide Vik               | SP    | Ordførar     |
| Kjartan Haugsnes            | SV    | Varaordførar |
| Thor Andersen               | AP    | Medlem       |
| Heidi Rongved               | AP    | Medlem       |
| Lisa Natalie Johnsen Lunde  | AP    | Medlem       |
| Ståle Kallestad Hesjedal    | AP    | Medlem       |
| Ole-Anders Brekklus         | AP    | Medlem       |
| Anne Christin Eide          | AP    | Medlem       |
| Boris Groth                 | FRP   | Medlem       |
| Trygve Jakobsen             | FRP   | Medlem       |
| Erlend Hesjedal-Johannessen | H     | Medlem       |
| Amalie Johnsen Lunde        | H     | Medlem       |
| Edvin Hesjedal              | H     | Medlem       |
| Trond Olav Magnussen        | H     | Medlem       |
| Arne Normann                | KRF   | Medlem       |
| Ivar Rødland Berge          | SP    | Medlem       |
| Renathe Vik                 | SP    | Medlem       |
| Evy Beate Kvamme            | SV    | Medlem       |
| Mona Grenasberg             | SV    | Medlem       |
| Odd Jøran Oldervik          | SV    | Medlem       |

| Varamedlemmer  | Parti | Rolle      |
|----------------|-------|------------|
| Tor-Arne Helle | SP    | Varamedlem |

| Forfall       | Parti | Møtande varamedlem |
|---------------|-------|--------------------|
| Line Eide Vik | SP    | Tor-Arne Helle     |

---

### Andre møtande:

Kommunedirektør Atle Fasteland,  
Politisk sekretær Lin Tove Thomassen

---



## Saksliste

| SAKSNR  | TITTEL  |
|---------|---|
| 26/2021 | GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE  |
| 27/2021 | GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL  |
| 28/2021 | REFERATSAKER OG MELDINGAR   |
| 29/2021 | VURDERING AV EIGEDOM GBNR 17/12 SVENA, VAKSDAL, EIGAR NILS JAMNE                          |
| 30/2021 | KLAGE PÅ LØYVE TIL RIVING AV BYGG 20 OG 21, gbnr 22/253, FABRIKKVEGEN 15 – DALE FABRIKKER |
| 31/2021 | HØYRINGSUTTALE PLANPROGRAM INTERKOMMUNAL PLAN FOR SJØOMRÅDA I NORDHORDLAND                |
| 32/2021 | REVIDERING AV RETNINGSLINJER FOR TILDELING AV KULTURPRIS                                  |
| 33/2021 | STORTINGS- OG SAMETINGSVALET- FASTSETJING AV VALDAG                                       |
| 34/2021 | HØYRING - DEN TREDJE STATSMAKT - DOMSTOLANE I ENDRING                                     |
| 35/2021 | VAL AV REVISOR FOR VAKSDAL KOMMUNE - TILRÅDING FRÅ KONTROLLUTVALET                        |
| 36/2021 | INTERPELLASJON TIL KOMMUNESTYRET - COVID 19 BONUS/GÅVE TIL TILSETTE I VAKSDAL KOMMUNE     |



**26/2021: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Kommunestyret 27.04.2021**

**Behandling:**

Samrøystes godkjent.

**KOM - sak 26/2021 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

---

**27/2021: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Kommunestyret 27.04.2021**

**Behandling:**

Samrøystes godkjent.

**KOM - sak 27/2021 Vedtak/Tilråding:**

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

**28/2021: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**



Referatsakene vert tatt til orientering.

**Forslag til vedtak i referatsak 28/2021.03, lagt inn i møteportalen av Heidi Rongved, Ap**

Det blir satt ned ein komite som ser på markering av 22.juli 2021. I den komiteen er det ynskjeleg at ungdomsrådet er med.

**Kommunestyret 27.04.2021**

**Behandling:**

Heidi Rongved, Ap, ba om å få utdjupande svar til referatsak 28/2021.01 - Eldrestova.

**Heidi Rongved, Ap la også fram følgjande framlegg til vedtak til referatsak 28/2021.03:**

Det blir satt ned ein komite som ser på markering av 22.juli 2021. I den komiteen er det ynskjeleg at ungdomsrådet er med.

Arne Normann, Krf stilte spørsmål knytt til innhald i Tempoplanen som omhandla Dalseidvegen og samling av kommunale fond.

Boris Groth, Frp etterlyste informasjon om Dalekjellar som ungdomsløkale i Tempoplanen.

Kommunedirektøren svarte.

Referatsaker og meldingar vart samrøystes vedteke.

Heidi Rongved sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KOM - sak 28/2021 Vedtak/Tilråding:**

Referatsakene vart tatt til orientering.

**Vedtak i referatsak 28/2021.03.**

Det blir satt ned ein komite som ser på markering av 22.juli 2021. I den komiteen er det ynskjeleg at ungdomsrådet er med.



**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommune kjøper ikkje områda i Svena, gbnr 17/12 i Vaksdal.

**KS 29/2021 - Forslag til vedtak frå Høgre og Frp, lagt inn i møteportalen av Amalie Johnsen Lunde**

Vaksdal kommune kjøper ikkje områda i Svena, gbnr 17/12 i Vaksdal i denne omgang. Kommunedirektøren lagar ei sak til kommunestyret med fleire alternative områder på Vaksdal som kan vere aktuelle for bustadutvikling, inkludert Svena, slik at kommunestyret kan vurdere ulike alternativ. Denne saka skal sjåast i samheng med budsjettvedtak PS 97/2020 om bustadtomter.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 09.03.2021**

**Behandling:**

På vegner av Sp,Sv og Høgre la Kjartan Haugsnes fram følgjande forslag til vedtak:

1. Formannskapet innstiller til kommunestyret å kjøpe av tomt GBNR 17/12 i Vaksdal, med forbehold negative funn i Cowi-rapporten "Skredfarevurdering av 10.10.2010". Formannskapet ber om at rapporten blir lagt ved sak til kommunestyret, og at det blir vurdert ei synfaring av området før handsaming i kommunestyremøte 23.03.2021.
2. Fleire hus skal avhendast når ny veg og bane kjem. Me ynskjer å behalde våre innbyggjarar i kommunen. Formannskapet ber om å få ei oversikt over mogeleg areal til tomter som er tilgjengelege på Vaksdal. Vidare ber me administrasjonen komme tilbake til neste møte med ei vurdering av kor vidt me kan regulere nokre einebustadtomter på Stanghelle.

For Arbeidarpartiet la Thor Andersen, Ap fram følgjande tilleggsforslag:

Det blir gjort en ny skredfarevurdering av geolog.  
Kommunedirektøren går i dialog med grunneier om kostnader ved undersøkelsen.

Formannskapet drøfta saka.

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Helge Berset svarte på spørsmål.

Arbeidarpartiet ba om gruppemøte.

Arbeidarpartiet trekk sitt tilleggsforslag.

Thor Andersen, Ap, la fram eit tekstendringsforslag til SV,Sp og Høgre sitt framlegg til vedtak:

Endring av tekst punkt 1,linje 1

Formannskapet innstiller til kommunestyret å vurdere å kjøpe tomt GBNR 17/12 i Vaksdal



## Amalie Johnsen Lunde, H la fram eit fellesforslag frå partia i formannskapet:

1. Formannskapet innstiller til kommunestyret å vurdere kjøp av tomt GBNR 17/12 i Vaksdal, med forbehold negative funn i Cowi-rapporten "Skredfarevurdering av 10.10.2010". Formannskapet ber om at rapporten blir lagt ved sak til kommunestyret, og at det blir vurdert ei synfaring av området før handsaming i kommunestyremøte 23.03.2021.
2. Fleire hus skal avhendast når ny veg og bane kjem. Me ynskjer å behalde våre innbyggjarar i kommunen. Formannskapet ber om å få ei oversikt over mogeleg areal til tomter som er tilgjengelege på Vaksdal. Vidare ber me administrasjonen komme tilbake til neste møte med ei vurdering av kor vidt me kan regulere nokre einebustadtomter på Stanghelle.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart sett opp fellesforslaget. Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

## **FPØ - sak 21/2021 Vedtak/Tilråding:**

### **Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

1. Formannskapet innstiller til kommunestyret å vurdere kjøp av tomt GBNR 17/12 i Vaksdal, med forbehold negative funn i Cowi-rapporten "Skredfarevurdering av 10.10.2010". Formannskapet ber om at rapporten blir lagt ved sak til kommunestyret, og at det blir vurdert ei synfaring av området før handsaming i kommunestyremøte 23.03.2021.
2. Fleire hus skal avhendast når ny veg og bane kjem. Me ynskjer å behalde våre innbyggjarar i kommunen. Formannskapet ber om å få ei oversikt over mogeleg areal til tomter som er tilgjengelege på Vaksdal. Vidare ber me administrasjonen komme tilbake til neste møte med ei vurdering av kor vidt me kan regulere nokre einebustadtomter på Stanghelle.

## **Kommunestyret 23.03.2021**

### **Behandling:**

Kommunedirektøren kom med tilråding om å utsetja saka. Grunngevinga er at geolog kjem for å undersøkjia området.

Det vart røysta over utsetjingsframlegget, som vart samrøystes vedteke.

## **KOM - sak 13/2021 Vedtak/Tilråding:**

Saka vert utsett til geolog har undersøkt området.

## **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 20.04.2021**

### **Behandling:**

Kjartan Haugsnes, SV la fram følgjande forslag til vedtak:

Vaksdal kommune kjøper områda i Svena, gbnr 17/12 i Vaksdal.

Formannskapet drøfta saka.



Kommunedirektør Atle Fasteland og kommunalsjef for samfunnsutvikling Helge Berset svarte på spørsmål.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot SV sitt framlegg til vedtak. SV sitt framlegg til vedtak fekk 4 stemmer (Hege Eide Vik, SP, Kjartan Haugsnes, SV, Thor Andersen, Ap og Heidi Rongved, AP) og vart vedteken. Kommunedirektøren fekk 3 stemmer (Amalie Johnsen Lunde, H, Erlend Hesjedal-Johannessen, H og Boris Groth, Frp) og falt.

**FPØ - sak 36/2021 Vedtak/Tilråding:**

**Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

Vaksdal kommune kjøper områda i Svena, gbnr 17/12 i Vaksdal.

**Kommunestyret 27.04.2021**

**Behandling:**

**På vegne av Høgre og Frp la Amalie Johnsen Lunde, H la fram følgjande forslag til vedtak:**

Vaksdal kommune kjøper ikkje områda i Svena, gbnr 17/12 i Vaksdal i denne omgang. Kommunedirektøren lagar ei sak til kommunestyret med fleire alternative områder på Vaksdal som kan vere aktuelle for bustadutvikling, inkludert Svena, slik at kommunestyret kan vurdere ulike alternativ. Denne saka skal sjåast i samanheng med budsjettvedtak PS 97/2020 om bustadtomter.

Kommunestyret drøfta saka.

Formannskapet si innstilling vart sett opp mot Høgre og Frp sitt framlegg til vedtak.

Formannskapet si innstilling fekk 10 stemmer (SV, Ap) og falt. Høgre og Frp sitt framlegg fekk 11 stemmer (H, Frp, Sp og Krf) og vart vedteke

**KOM - sak 29/2021 Vedtak/Tilråding:**

Vaksdal kommune kjøper ikkje områda i Svena, gbnr 17/12 i Vaksdal i denne omgang. Kommunedirektøren lagar ei sak til kommunestyret med fleire alternative områder på Vaksdal som kan vere aktuelle for bustadutvikling, inkludert Svena, slik at kommunestyret kan vurdere ulike alternativ. Denne saka skal sjåast i samanheng med budsjettvedtak PS 97/2020 om bustadtomter.

---

**30/2021: KLAGE PÅ LØYVE TIL RIVING AV BYGG 20 OG 21, gbnr 22/253, FABRIKKVEGEN 15 – DALE FABRIKKER**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**



1. Klagen vert ikkje teken til følgje, og løyve av 10.11.20 til riving av 2 bygg på gbnr 22/253, Fabrikkvegen 15, vert stadfesta.
2. Klagen er gjeven oppsetjande verknad.
3. Saka vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 13.04.2021**

**Behandling:**

Formannskapet drøfta saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

**FPØ - sak 33/2021 Vedtak/Tilråding:**

**Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

1. Klagen vert ikkje teken til følgje, og løyve av 10.11.20 til riving av 2 bygg på gbnr 22/253, Fabrikkvegen 15, vert stadfesta.
2. Klagen er gjeven oppsetjande verknad.
3. Saka vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

**Kommunestyret 27.04.2021**

**Behandling:**

Møtet vart avslutta då Microsoft fekk utfordringar med oppkopling mot plattform for fjernmøte og saka vart utsett.

**KOM - sak 30/2021 Vedtak/Tilråding:**

---

**31/2021: HØYRINGSUTTALE PLANPROGRAM INTERKOMMUNAL PLAN FOR SJØOMRÅDA I NORDHORDLAND**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommunestyre sender følgjande høyringsuttale til oppstart av planarbeid og planprogram for interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland:

- Vaksdal kommune ser det som positivt at sjøområda i Nordhordland vert heilskapleg vurderte gjennom denne interkommunale planen, og at FN sine berekraftsmål er i fokus for planarbeidet. Dette vert ytterlegare styrka gjennom Nordhordland sin nye status som UNESCO biosfæreområde.
- Planarbeidet bør vurdere aktuelle område for utfylling i sjø med tanke på etablering av nye potensielle bustad- og næringsareal.





## Vaksdal kommune

- Planarbeidet bør så langt det er mogleg, tilstrebe å samordna arealbruk, føresegner og omsynssoner med dei andre kommunane som deler same fjordsystem.
- Kommuneplan for Vaksdal dannar grunnlag for arbeidet med Vaksdal kommune sine sjøareal.
- Planen bør ta høgde for ein eventuell auka bruk av sjøareala til turistformål, jf. ynskjer om oppstart av nye båtruter i reiselivssamanheng, samt moglege cruiseanløp.
- Viktige leve- og oppvekstområde for fisk og dyr må ivaretakast av planen.
- Planen må vurdere sjøareal tilknytt maritime kulturminne. Planen må sikra tilstrekkelege areal, men ikkje bandlegge areala på ein slik måte at dei hindrar framtidig bruk.

### Formannskap/plan- og økonomiutvalet 20.04.2021

#### **Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **FPØ - sak 37/2021 Vedtak/Tilråding:**

#### **Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

Vaksdal kommunestyre sender følgjande høyringsuttale til oppstart av planarbeid og planprogram for interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland:

- Vaksdal kommune ser det som positivt at sjøområda i Nordhordland vert heilskapleg vurderte gjennom denne interkommunale planen, og at FN sine berekraftsmål er i fokus for planarbeidet. Dette vert ytterlegare styrka gjennom Nordhordland sin nye status som UNESCO biosfæreområde.
- Planarbeidet bør vurdere aktuelle område for utfylling i sjø med tanke på etablering av nye potensielle bustad- og næringsareal.
- Planarbeidet bør så langt det er mogleg, tilstrebe å samordna arealbruk, føresegner og omsynssoner med dei andre kommunane som deler same fjordsystem.
- Kommuneplan for Vaksdal dannar grunnlag for arbeidet med Vaksdal kommune sine sjøareal.
- Planen bør ta høgde for ein eventuell auka bruk av sjøareala til turistformål, jf. ynskjer om oppstart av nye båtruter i reiselivssamanheng, samt moglege cruiseanløp.



- Viktige leve- og oppvekstområde for fisk og dyr må ivaretaast av planen.
- Planen må vurdere sjøareal tilknytt maritime kulturminne. Planen må sikra tilstrekkelege areal, men ikkje bandlegge areala på ein slik måte at dei hindrar framtidig bruk.

**Kommunestyret 27.04.2021**

**Behandling:**

Møtet vart avslutta då Microsoft fekk utfordringar med oppkopling mot plattform for fjernmøte og saka vart utsett.

**KOM - sak 31/2021 Vedtak/Tilråding:**

---

**32/2021: REVIDERING AV RETNINGSLINJER FOR TILDELING AV KULTURPRIS**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner «Retningslinjer for tildeling av kulturpris» slik dei ligg føre.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 13.04.2021**

**Behandling:**

Boris Groth, Frp la fram eit endringsframlegg:

Ny siste setning i dei nye retningslinjene:

"Prisutdelinga blir primært lagt til Daledagane, om Daledagane evt. ikkje finn stad eit år vert om mogleg prisutdelinga lagt til eit anna kulturarrangement i kommunen."

På vegne av SV,SP og Høgre la Erlend Hesjedal-Johannessen, H fram følgjande endringsframlegg:

I vurderinga av kandidatar til kulturprisen skal ein ha ein brei innfallsvinkel, slik at mange typar kulturtiltak skal kunne vurderast.

Boris Groth, FRP la fram justert endringsframlegg og trakk sitt første endringsframlegg:

Ny siste setning i dei nye retningslinjene:

Prisutdelinga blir primært lagt til Daledagane.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Fellesforslag frå SV, Sp og Høgre vart samrøystes vedteke.



Endringsframlegget frå Frp vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 30/2021 Vedtak/Tilråding:**

**Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

Kommunestyret godkjenner «Retningslinjer for tildeling av kulturpris» slik dei ligg føre, med følgjande endringar:

*Ny tekst:*

I vurderinga av kandidatar til kulturprisen skal ein ha ein brei innfallsvinkel, slik at mange typar kulturtiltak skal kunne vurderast.

*Ny siste setning i dei nye retningslinjene:*

Prisutdelinga blir primært lagt til Daledagane.

**Kommunestyret 27.04.2021**

**Behandling:**

Møtet vart avslutta då Microsoft fekk utfordringar med oppkopling mot plattform for fjernmøte og saka vart utsett.

**KOM - sak 32/2021 Vedtak/Tilråding:**

---

**33/2021: STORTINGS- OG SAMETINGSVALET- FASTSETJING AV VALDAG**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Stortings- og sametingsvalet vert halde på fastsett dag, måndag 13. september.

**Valstyret 13.04.2021**

**Behandling:**

Valstyret drøfta og stilte spørsmål knytt til å innføre valdag også søndag 12. september og tilrettelegging ved eit evt lokalt covid-19 smitteutbrot på valdagen.

Politisk sekretær Lin Tove Thomassen gav utfyllande informasjon.

Valstyret ønskjer ei vurdering frå kommunedirektøren til drøftingane ved neste møte i utvalet.



## Vaksdal kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**VAL - sak 04/2021 Vedtak/Tilråding:**

**Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

Stortings- og sametingsvalet vert halde på fastsett dag, måndag 13. september.

### Kommunestyret 27.04.2021

**Behandling:**

Møtet vart avslutta då Microsoft fekk utfordringar med oppkopling mot plattform for fjernmøte og saka vart utsett.

**KOM - sak 33/2021 Vedtak/Tilråding:**

---

### **34/2021: HØYRING - DEN TREDJE STATSMAKT - DOMSTOLANE I ENDRING**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

**To alternative framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret har ingen merknader til høyringa
2. Kommunestyret har følgjande høyringsuttale til NOU 2020:11:

### Formannskap/plan- og økonomiutvalet 13.04.2021

**Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak alternativ 1 vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 31/2021 Vedtak/Tilråding:**

**Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

Kommunestyret har ingen merknader til høyringa.

### Kommunestyret 27.04.2021

**Behandling:**

Møtet vart avslutta då Microsoft fekk utfordringar med oppkopling mot plattform for fjernmøte og



saka vart utsett.

**KOM - sak 34/2021 Vedtak/Tilråding:**

---

**35/2021: VAL AV REVISOR FOR VAKSDAL KOMMUNE - TILRÅDING FRÅ KONTROLLUTVALET**

**Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:**

Kommunestyret i Vaksdal kommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2021- 30.06.2025

**Kommunestyret 27.04.2021**

**Behandling:**

Møtet vart avslutta då Microsoft fekk utfordringar med oppkopling mot plattform for fjernmøte og saka vart utsett.

**KOM - sak 35/2021 Vedtak/Tilråding:**

---

**36/2021: INTERPELLASJON TIL KOMMUNESTYRET - COVID 19 BONUS/GÅVE TIL TILSETTE I VAKSDAL KOMMUNE**

Kommunestyret ber administrasjonen gjere klart ei ordning der alle fast tilsette i Vaksdal kommune får innkjøp for kr. 1000,- refundert av kommunen. Alle som er i samanhengande vikariat med 3 mnd. varighet eller meir per. 27.04.21 er også inkludert i ordninga.

Det er kun kvittering for innkjøp gjort i Vaksdal kommune som vert refundert.

Tilsette må nytta seg av ordninga mellom 15.06.2021 og 15.11.2021

Ordninga vert finansiert med overskot på årsrekneskapen frå 2020.

Administrasjonen skal sikre god informasjon ut til alle tilsette om ordninga, vilkåra og praktisk gjennomføring.

**Kommunestyret 27.04.2021**



**Behandling:**

Møtet vart avslutta då Microsoft fekk utfordringar med oppkopling mot plattform for fjernmøte og saka vart utsett.

**KOM - sak 36/2021 Vedtak/Tilråding:**

---



## **FJERNMØTE**

Møtet vart planlagd gjennomført med fysisk oppmøte i Samfunnssalen på Vaksdal. Med bakgrunn i smitteutbrot i kommunen beslutta KKL 25.04.21 å gjennomføre møtet som fjernmøte, med heimel i kommunelova § 11-7 og vedtak i kommunestyret, sak 65/2020.

## **ORIENTERINGAR**

### Orientering frå ordførar:

- Korona, møter i KKL, positive testar og testing
- Kontaktuva K5
- Stanghelleseminaret nr 2, 22.04.21
- Prosjekt folketalsvekst - heimeside
- Datasenterstrategi
- Nedlegging av fond - Regionalt næringsfond for Osterfjorden
- Møte i Region Nordhordland, Biosfæreprosjektet, Nordhordlandsrapporten,
- Møter med Bergen og omegnskommunar om innføring av lokal forskrift etter utbrot i Bergen.
- Lisa Johnsen Lunde og Ivar Bergo er representantar i Vaksdal kyrkjeleg fellesråd sin Komite for å unngå diskriminering.

### Orientering frå varaordførar:

- SV sitt landsmøte, prioritering av K5
- Stanghelleseminaret
- Bergsdalen skule
- Arbeider med å formalisere ei ordning der varaordførar trer inn for ordførar i beredskap frå politisk side ein skilde helger.

### Orientering frå kommunedirektøren

- Grønn region Vestland
- Gåsedammen
- IKT Nordhordland og datasikkerheit
- Organisasjonsutvikling
- Tempoplan
- Siste kommunestyremøte for kommunalsjef Helge Berset

Prosjektleiar Laila Thorsen orienterte om Utviklingsprosjekt Nav region Voss/Hardanger

Prosjektleiar Bent Gunnar Næss med fagansvarleg Hans Kristian Dolmen frå Regionråd Nordhordland orienterte om interkommunal plan for sjøområde.

Orientering om Vaksdal som vertskommune for kraftproduksjon ved Eirik Haga vart utsett til ein kan møtast fysisk.

## **VEDTAKSBEHANDLING AV SAK 30,31,32,33,34,35,36 UTSETT**

Undervegs i møtet, rundt kl. 12.25, fekk Microsoft problem med oppkopling mot Teams, som er kommunen sin plattform for fjernmøter. Problemet var verdsomfattande. Dette resulterte i at møtedeltakar fekk problem med å delta i fjernmøtet. Det vart avgjort å utsetje vedtaksbehandling av



**Vaksdal kommune**

nemnde saker og behandle desse i ekstramøte tysdag 4. mai kl. 10.00.